

---

**Fra:** Ture Andersen <ture.andersen2@bkkfiber.no>  
**Sendt:** 25. juni 2016 13:01  
**Til:** mktho@online.no; Postmottak Meland  
**Emne:** Nabomerknad - bygging av einebustad på gnr. 10, bnr. 42 i Meland

## NABOMERKNAD - BYGGING AV EINEBUSTAD PÅ GNR. 10, BNR. 42 HOLME I MELAND

Underskrivne er eigar av hovudbruk, gnr. 10, bnr. 6 i Meland - der denne hytte-eigedomen i si tid vart utskild frå. Såleis grensar mitt bruk til denne eigedomen på to sider : Mot nord og aust. For få år sidan oppdaga eg at denne hytta hadde fått omlag dobbel grunnflate - utan at eg hadde fått noko nabovarsel. Dette tok eg opp med Meland kommune ; som skriftleg stadfesta at eg IKKJE hadde fått nabovarsel i samband med denne hytte-utvidinga - noko eg hadde krav på. Då denne hytta vart lagt ut for sal, møtte eg opp på vising, og oppdaga montert vassklosett der. Så langt eg har observert, går det ingen kloakk-leidning til sjø frå denne hytta. Den førre eigar fekk transportert vekk store massar med jord / stein frå denne eigedomen - og då eg tok dette opp med bilde-dokumentasjon ovanfor Meland kommune, vart det vedteke at eigedomen skulle tilbakeføra desse svære massane - men ingen ting har vorte gjort med dette fram til no. Store delar av Holme er regulert til kulturminnevern - område ( 1994 ) ; inklusive denne hytteeigedomen. Med dette som bakgrunn, vil eg koma med følgjande merknad til bygging av einebustad på denne parsellen :

1. Eg finn ingen ting i søknaden som omhandlar tilbaketransport av dei enorme jord / steinmassane som vart fjerna for få år sidan, og som er vedteke tilbakeført. Ein traktor med stor tilhengar køyrde massar frå bruk 42 i om lag 14 dagar.
2. Etter min kunnskap, så er det berre tinglyst rett til gangsti over mitt hovudbruk og fram til denne hytta.
3. Over våre bruk (br.nr. 6 og 79 ) går det i dag 5 ( fem ) ulike vassleidningar i 5 ulike grøfter - og 4 av desse går over plenen vår. Difor vil eg IKKJE ha meir graving her i samband med vassforsyning til eigedomane.
4. Så langt eg skjønar, så skal bruk 42 tilknytast felles utløpsleidning for avløp med bruk 41. Då spør eg : Har bruk 41 fått utsleppsløyve frå styresmaktene ? Kor går denne utløpsleidningen til sjø ?  
Underskrivne har diverre ikkje vore i stand til å observera nokon leidning, nedover den stupbratte fjellsida frå bruk 41 ; som går i sjø. Men denne eigedomen ,som har vore heilårsbustad i mange år, har vore tilkopla kommunal vassforsyning i alle desse åra.
5. Vegen som går fram til denne hytta, er ein gamal kjerre- / traktorveg som vart nytta i samband med drift av småbruket mitt. Denne vegen vart utbetra noko for mange år sidan - men ligg framleis på mitt hovudbruk. Ingen kan utføra arbeid på denne vegen ( utviding ) utan at slikt er godkjend av meg.

Til slutt vil eg nemna at underskrivne har gjeve eigarane av bruknr. 42 lov til å gå nærare enn 4 meter ( 2,8 meter ) frå felles grense mot nord i samband med oppføring av denne omsøkte einebustaden.

Holmeknappen den 25.06.16

Med helsing

Ture Andersen